

# Dynamiske matematikarar



*Fleire av deltakarane på sommarskolen. Magnus Landstad til høgre i andre rekke.*

## **Sist veke gjekk sommarskolen på Sophus Lie Konferansesenter, der 34 matematikarar frå 12 land deltok.**

Temaet for årets sommarskule var (hald deg fast)  $C^*$ -algebraer og dynamiske system. Sommarskolen var eit samarbeid mellom NTNU og Universitetet i Oslo - Temaet får ein seie er i Sophus Lie si and, seier Magnus Landstad, til dagleg tilsett ved NTNU i Trondheim.

Han kan fortelje at det har vore eit intensivt kurs, der fire av deltakarane var førelesarar, medan dei andre var doktorgradsstudentar.

- Vi har budd på paviljongane, fått servert god mat, og vore på

turar i fjella rundt Eid og på Briksdalsbréen, fortel Landstad.

### **Deltakarane**

Matematikarane som deltok på sommarskolen kom frå desse landa: Norge (9), Polen (1), Danmark (3), Japan (2), USA (7), England (2), Italia (1), Sverige (3), Tyskland (3), Færøyane (1) og Australia (1).

### **YNGVE TOLAAS**

yngve.tolaas@fjordabladet.no  
Direkte telefon: 57 88 53 16